




**Naturvernforbundet**  
i Sogn og Fjordane



**PLASTJAKTEN**

# Rapport: Plastjakten

## Sogn og Fjordane 2022



Skrevet av:

**Marte Nogva Mårstøl og Karoline Kristin Vognild**

Sist endra: 16.03.2023

## Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane takkar for stønaden!

Vi i Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane vil takke Marfo, Vestland Fylke, Sparebankstiftelsen, Handelens miljøfond, Hold Norge Rent, Fjordane Friluftsråd og Naturvernforbundet Sentralt for støtta som mogleggjorde å fortsette Prosjektet Plastjakten Sogn og Fjordane (heretter Plastjakten S&FJ) i 2022.



## Oppsummering

Plastjakten S&FJ har vore aktive i 2022. Sidan august 2021, har vi, i samarbeid med Fjordane Friluftsråd, heldt foredrag og undervisning for 81 klassar, og 1841 deltakarar! Vi har gjennomført ryddeaksjonar i kommunane Stryn, Kinn, Fjaler, Gulen, Askvoll, Sunnfjord, og Gloppen. Målet har vore å besøke skular som enda ikkje har fått besøk av Skoleturné for havet. Vi har og hatt eit godt samarbeid med Loyal og gjennomført fleire ryddeaksjonar både på fastlandet og utsette øyer i regionen.

I samarbeid med Plastjakten Hordaland, Plastjakten Trøndelag, Plastjakten Troms og Finnmark, og sekretariatet gjennom Plastnettverket, har vi fått eit betre samarbeid tvers av fylkesgrenser, eit effektivt arbeid samt auka kunnskap på fleire tema.

I juni drog vi på ryddeseilas med Loyal, Fjordane Friluftsråd og Grøn Integrering. Opplegget er med på å drive lågterskel sosiale møtestader som er inkluderande for nye innbyggjarar, samt drive opplæring og bevisstgjerings- og handteringsaktivitetar. Vidare skapar det nye vennskap og innføring i norsk kultur.

Plastutstillinga på Kystmuseet Sogn og Fjordane i Kinn kommune har vore mye besøkt av store og små. Særleg har den vore brukt i undervisningsopplegg i Skoleturné for havet. Utstillinga står oppe til mars 2023, og målet er å få utstillinga ein annan plass til glede for fleire.

I denne rapporten gjev vi ein nærmare skildring av aktivitetar og underprosjekt som Plastjakten Sogn og Fjordane har gjennomført i 2022, samt planer for 2023.

## Innhald

Oppsummering.....	3
Bakgrunn .....	5
Målsetning .....	5
Samarbeidspartnarar .....	6
Aktivitetar .....	6
Opning av Plast- på godt og vondt .....	6
Vårryddedagane i Sogn og Fjordane.....	7
Ryddeseilas med Grøn integrering .....	7
Skuleturné for havet.....	8
Skuleturné for havet: januar og februar .....	9
Strandryddeveka 2022 .....	10
Plastnettverket NNV.....	11
Plast- og giftfri oppvekst.....	11
Aktivitetar som vert utsett til 2023 .....	11
Plastfrioppvekst.....	11
Evaluering.....	11
Planer for 2023.....	11
Medieomtale.....	12

## Bakgrunn

Rundt 22 000 tonn plast hamnar i havet kvar dag. Plast forsvinn ikkje, men brytast opp til mikro- og nanoplast. Plast som hamnar på avvege utgjer allereie ein stor utfordring for dyrelivet; rundt ein million sjøfuglar dør av plastforureining i året. Også for mennesket, som er øvst i næringskjeda, er plastforureininga problematisk med funn av mikroplast i menneskeblod og morsmjølk. Det er estimert at vi får i oss rundt 5 gram plast i veka, og konsekvensane på helse er fortsett uvisst. Derfor må vi rydde og utøve informasjonsarbeid for å redusere plastforsøpling- og overforbruk.

Plastjakten arbeidar aktivt med formidling av kunnskap om plastproblematikken til ulike målgrupper, slik at alle kan ta ansvar for eige forbruk i tillegg til å påverke til systematiske endringar i samfunnet. Vi kombinerer rydding med kartlegging for å identifisere utsleppskjelder, for opparbeide kunnskap om relevant tiltak, som kan ha overføringsverdi til andre regionar.

## Målsetning

Målet med prosjektet er å bidra til langsiktige og positive endringar i form av:

1. Auke medvit og kunnskap om plastproblematikken
2. Inngå samarbeid med relevante partnarar og skape nettverk av relevante aktørar
3. Auke kunnskapen om kjelder til plastforsøpling
4. Spore ansvarlege verksemd og drive førebyggjande arbeid mot desse
5. Synleggjere og fremme berekraftige alternativ til plast, spreie kunnskap om korleis enkeltpersonar, myndigheiter og verksemdar kan bidra til førebygging av plastforsøpling.

I 2022 hadde vi som mål å gjennomføre desse aktivitetane:

- 1) Fortsette samarbeidet med Fjordane Friluftsråd om Skuleturné for havet. Vidareutvikling av undervisningsopplegget om formidling av plastproblematikken, gjennomføre ryddeaksjonar og kartlegge plast ein finn gjennom verktøya i plastjakten og Hold Norge Rent.
- 2) Samarbeide meir med andre målgrupper, som studentar, barnehagar, bedrifter og kommunar.
- 3) Oppfordre til meir frivillig bossplukking og gjennomføre fleire arrangement som oppfordrar til mindre bruk av plast.
- 4) Vidareutvikling av plastjakten.no, og ressursar som leggst ut, deriblant ressursar på nynorsk.
- 5) Gjennomføre kampanjar, både gjennom sosiale medier og fysisk.
- 6) Innleie samarbeid med barnehagar og næringsmiljøanlegg innan plastfrioppvekst.

## Samarbeidspartnarar

Namn	Skildring
Plastjakten Hordaland og Trøndelag	Månadlege møter, samkøyring av kampanjar og arrangement. Alle fylkeslaga er aktivt på nettsida til plastjakten.no og vi har i fellesskap publisert 10 artiklar.
Fjordane Friluftsråd	Samarbeid om Skuleturne for Havet. Fjordane Friluftsråd organiserer logistikk og henting av avfall, samt utdeling av ryddeutstyr til aksjonar
Galeas Loyal – Stein Arve Olsen	Samarbeid og koordinering av ryddeaksjonar. Stein Arve har god lokal kunnskap om utsette område og ein viktig ressurs å ha.
Sunnfjord Kommune	Deler informasjon om våre aktivitetar gjennom deira kanalar
FloraFauna – Monicha Landøy	Vi har utvikla eige naturkasse og plastkasse som har vore aktivt brukt under Skuleturné for havet.
Kystmuseet i Sogn og Fjordane	Vi samarbeida om plastutstilling.

## Aktivitetar

### Opning av Plast- på godt og vondt

Den 20. februar 2022 opna vi plastutstillinga som i 2017 blei utvikla av Naturvernforbundet Hordaland, vi overtok utstillinga og tilpassa innhaldet til vår region. Utstillinga set fokus på korleis plast gjekk frå å vere eit formidabelt produkt til å bli eit av kloden sitt mest alvorlege og stadig vaksande miljøproblem. Vi belyser utstillinga korleis og kvifor vi som samfunn gjekk frå å bruke naturfiber til plastfiber, og korleis det endra gjenbruk- og reparasjonskulturen. Utstillinga vil vidare gi ein god innsikt i korleis plast og anna marin forsøpling påverkar ulike økosystem, organismar og menneskje, samt sjå på løysningar og tiltak som er viktige i kampen mot plastforureining.

Utstillinga har også blitt til ein ny og viktig plattform for kunnskapsutveksling for barn og vaksne i regionen, og i forbindelse med opninga av utstillinga arrangerte vi to foredrag; "Livet i havet" og "Tøy og utøy". Vi inviterte marin biologen Thea Båtevik frå Lei ein biolog, ho arbeidar som fagleg leiar for marin forsøpling i Fjordane Friluftsråd og har kunnskap om mykje av det fantastiske og rare vi finn i havet. Foredraget si hensikt var å sette lys på viktigheita av havet og dermed gi publikum eit større insentiv til å ta vare på det.

Designer og bonde Gunn Wester kom heilt frå Vik i Sogn for å halde foredrag om tøy og utøy. Stadig fleire produkt blir laga av plast, og det blir vanskelegare å skile syntetisk og naturfiber. Wester satt fokus på denne problematikken og gjekk gjennom fordelane med naturfiber og syntetisk fiber.

I mars månad blei utstillinga brukt som undervisningsplattform for "Skuleturne for havet". Der vi hadde 119 elevar innom. Les meir under Skuleturne for havet. Utstillinga blei tatt ned i april, men blei satt opp igjen september 2022 til Kystdagen.

## Vårryddedagane i Sogn og Fjordane

Vårryddedagen er ein nasjonal ryddekampanje som bidreg til å fjerne store mengder søppel i naturen, før ferdselbodet i fuglereservat trede i kraft 15 april. Saman med Fjordane Friluftsråd ynskte vi å skape merksemd rundt denne ryddekampanjen og oppfordra til rydding langs elvar, innsjøar, strender, holmar, øyer, stiar og i byrommet.

Skular, organisasjonar, og privatpersonar heiv seg rundt både før og etter sjølve vårryddedagen 19 mars 2022. I samarbeid med Kystlotteriet organiserte vi ein regional trekning med tre heldige vinnarar. Totalt vart det **registrert 363 sekkar** i Sogn og Fjordane på ein månad, både vi og Kystlotteriet er svore nøgd med resultatet!

I tillegg til den regionale trekninga, arrangerte vi trekning av skuleklasse som deltok på vårryddedagane. Her fekk 5 trinn, klasse eller skular høve til å vinne 1000 kr til skuleklassa. Vi engasjerte 30 klasser, nærmare 900 elevar var med å rydda under vårryddedagane.

## Ryddeseilas med Grøn integrering

Måndag 13 juni 2022 kunne vi endeleg kaste loss og reiste på det som blei eit fantastisk ryddeseilas.



Saman med oss denne gongen hadde vi sjølvsgatt vår trufaste samarbeidspartnar Fjordane Friluftsråd, verdens eldste seglande galease Loyal og gjestane ombord var Grøn Integrering!

Grøn integrering er ein organisasjon som arbeidar med integrering gjennom blant anna urbant landbruk i Nordfjordeid. Dei har fått i gong ein kjøkkenhage på Nordfjordeid skule og nyleg hatt opning av Badstuplassen i Nordfjordeid. Slike aktivitetar bidreg til å skape lågterskel sosiale møtestader som er tilgjengeleg og inkluderande for alle, kunnskap blir utveksla og nye vennskap blir skapt gjennom uformelle og tilfeldige samtalar. Samstundes blir dei som deltek meir bevisste på forholdet mellom menneske og natur, får tilgang på kortreist mat og høve til å skape berekraftige miljø i eige lokalsamfunn – kva er det å ikkje like?

Vi i Plastjakten Sogn og Fjordane syns ikkje at dette berre var ein flott tiltak, men ville gjerne bidra på den måten vi kan best. Nemleg invitere til strandrydding og undervisning om havet, livet i havet og marin forsøpling. Då blei det bestemt, vi skulle på seilas!

Tre familiar frå Sudan, Sør Sudan og Afghanistan blei med ombord skuta og blei med på turen frå Måløy til Knuthamn i Kalvåg. Medan vi segla frå fjorden og ut mot havet studerte vi kart, underviste i marin

forsøpling, og øvde oss på å knyte knutar. For mange var det fyrste gongen i båt, trass dette blei det to netter på båt. Nokon sov i lugarar med køysenger... og andre i hengekøye.



Tysdagen var den store ryddedagen. Stranda vi reiste til hadde allereie blitt rydda, men det blei 5 sekkar fordi. Vi laga bål og grilla pølser, nokon såg ein hoggorm og andre utforska seglar, sjøanemoner og fanga krabber. Vi fekk til og med sol! Tilbake til båten tok fleire fatt i fising, og Omar var den heldige som fekk ein stor lyr på kroken. Elles fekk vi også ei sjøstjerne på kroken som viste seg å vere glad i kylling.

Trass litt regn og vind har vi konkludert med at dette var ein utruleg fin tur saman med ein fantastisk gjeng der ein gjentakning fristar veldig!

### Skuleturné for havet



Skuleturne for havet er eit samarbeidsprosjekt med Fjordane Friluftsråd. Saman besøker vi skular og underviser om plast og marin forsøpling. Vi er ein av få aktørar som tilbyr eit slikt opplegg i vår region. I tillegg til undervisning tilbyr vi også å ta med oss skuleklasse ut på rydding eller oppfordrar dei til å rydde sjølv. Undervisning er tilpassa trinn og kompetansemåla, og er eit tilbod frå 1 trinn til vidaregåande.

På grunn av plastutstillinga starta vi med undervisning tidleg i år, allereie innan april hadde vi hatt 119 elevar innom utstillinga vår hjå Kystmuseet i Sogn og Fjordane. Når ryddesesongen drog seg i gong etter påske hadde vi ytterleg 10 skulebesøk.

Juni og juli vart satt av til evaluering og planlegging av haust 2022.

Første turneen vår etter skulestart gjekk til Stryn kommune. Der besøkte vi 5 skular på 5 dagar, vi hadde undervisning etterfølgd av rydding i deira nærmiljø for over 140 elevar.





Oktober 2022 reiste vi til Gulen kommune, der besøkte vi Byrknes skule og Dalsrøyra skule. Vi rydda med 29 elevar og lærarar, og fekk fjerna 358 kg med marint avfall.

November 2022 hadde vi opplegg ved barneskular i kommunane Kinn, Askvoll og Sunnfjord. I tillegg besøkte vi vidaregåande skuler i Stryn, Kinn og Gloppen i utkanten av november, tidleg desember. Desse besøka ble gjort av representant frå Fjordane Friluftsråd då det ikkje var nokon tilsette som prosjektkoordinator ved Naturvernforbundet Sogn og Fjordane.

I løpet av 2022 har vi hatt undervisning med 23 klassar og 504 elevar, og til saman med 2021, har vi nådd 81 klassar og 1841 deltakarar.

#### Skuleturné for havet: januar og februar

Det har ikkje vore noko aktivitet i løpet av januar og februar direkte knytt til Skuleturné for havet. Derimot hadde vi lik undervisningsopplegg på Kystmuseet med innvandrar assosiert med Kinn utdanning- og ressurscenter. Dette var svært givande og engasjerande. I mars gjennomførte vi undervisningsopplegg og vårrydding på Kystmuseet i Kinn kommune for 4. klasse ved Vassenden skule.

## Strandryddeveka 2022

Strandryddeveka er Noregs største ryddedugnad, kvar dag har eit tema og for årets strandryddeveke forsøkte vi å halde oss til temadagane samt inkludere så mange samfunnsgrupper som mogleg. Nedanfor er ei liste over organiserte ryddeaksjonar:

10 september: Med støtte frå Hold Norge Rent arrangerte vi ein dag for studentar. Saman med studentorganisasjonen Sjøspretten frå HVL Sogndal slo vi saman fleire temadagar i ein (Rydde under vann, vi ryddar med studentar og tur med meinig). Sjøspretten er ein organisasjon for dei som driv med vannsport. Ved å invitere både dykkarar og havkajakkarar fekk vi rydda Kalvåg for undervannssøppel. Heile 1900 kg med marin forsøpling blei rydda den dagen



12 september: Vi slo saman temadagane "Rydder på land" og "Barnas dag" og inviterte skular i Førde omegn til å bli med på ryddeaksjon i Hafstadparken Førde sentrum. Heile 240 elevar frå Førde barneskule og Halbrend skule vart med på ryddeaksjonen. Vi var heldige å vekk bli med på NRK vestlandsrevy og avise Firda var innom.

14 september: "Vi rydder med jobben" var temadagen for onsdagen og vi tok med oss vaksenopplæringa i Sunnfjord ut på ryddeaksjon. I tidlegare i vår var Plastjakten S&FJ innom vaksenopplæringa i Sunnfjord fordi eit av arbeidstiltaka/tilboda til deltakarane er å rydde ein gong i månaden. Vi var innom for å snakke om problematikken samt understreke viktigheita av arbeide dei gjer. Når moglegheita var der for å kunne ta med same gjengen som ryddar ein gong i månaden ut til ei utsett område nølte vi ikkje. Vi satt opp buss ut til Florø og båt ut til ei øy, dei var med å rydda rundt 100 kg med marint forsøpling berre på nokre timar.



17 september: På sjølvaste "strandryddedagen" var vi veldig uheldig med veret. Det blåste og regna og berre ein møtte opp. Til tross for dårleg ver og lite oppmøte fekk vi rydda 60 kg.

Vi har også aktivt oppfordra skular rundt om i heile Sogn og Fjordane til å rydde, lik som under vårryddedagane skal vi ha trekning av skulane. For å kunne gi skulane litt fleksibilitet, har vi denne ordninga gåande til 1 oktober.

### Plastnettverket NNV

Plastnettverket NNV er eit nettverk for alle som arbeidar med plast, miljøgifter og marin forsøpling i Naturvernforbundet. Nettverket bidreg til eit betre samarbeid, meir effektiv arbeid samt auka kunnskap på fleire temaer. Plastjakten S&FJ har tatt del i organiseringa av plastnettverket gjennom månadlege møter digitalt, samt eit fysisk møte i Stavanger i september.

### Plast- og giftfri oppvekst

Det har vore forsøk på å innleia samarbeid gjennom prosjektet Plastfrioppvekst med barnehagane Halbrend barnehage, Nærleiken barnehage, Slåttebakkane, Vieåsen barnehage, Ytre Hafstad barnehage, Solsida barnehage, Hatlehaugen barnehage, Vie barnehage, Tusenfryd barnehage, Sunde Barnehage, Viksdalen barnehage, Karstad barnehage, Bygstad barnehage og Skei barnehage. Grunna sjukdom og få tilsette på jobb i hausten 2022, har det vore lite samarbeid. Derimot kan ein prøve nytt samarbeid vår 2023.

### Aktivitetar som vert utsett til 2023

Dei aktivitetane som ikkje vert gjennomført i 2021 vil overførast til 2023.

### Plastfrioppvekst

Nytt forsøk om å innleie nytt samarbeid kan gjerast i løpet av våren. Grunne lite kapasitet både hos barnehagane samt utbygging i stillinga som prosjektkoordinator, har dette blitt utgått i 2022.

### Evaluering

Vi har fått gjennomført mange av dei planlagde aktivitetane. Skuleturné for havet har vore en suksess, og ser med glede fram til nye besøk i kommunar i Sogn og Fjordane. Med bakgrunn i erfaring med utforming av opplegget, har Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane og Fjordane Friluftsråd funne ein god og effektiv metode. Videre har vi i løpet av 2022 vore proaktive og samarbeidet godt med lokallag og verksemder.

### Planer for 2023

Framtida for plastjakten.no går mot slutt på den domena. Derimot skal innhaldet og nyare innhald inn på Naturvernforbundet nettsider. Promotering og vidareutvikling av innhald vil fortsett vere viktig i 2023. Vidare ynskjer vi å legge til rette for meir rydding av søppel blant frivillige og oppfordring av mindre bruk av plast. Vi vil fortsette suksessen med Skuleturné for havet, samtidig jobbe meir med andre målgrupper som studentar, barnehagar, innvandrar, verksemder og kommunar. Utstillinga Plast- på godt og vondt holdast oppe på Kystmuseet Sogn og Fjordane i Florø ut mars. Det arbeidast

om å finne ny plassering for utstillinga, då den har vore til stor glede for besøkande og i undervisningssamanheng.

## Medieomtale

Førdefjorden:

<https://www.firda.no/naturvernforbundet-melder-nordic-mining-til-politiet/s/5-15-1508194>

<https://www.nrk.no/vestland/fordefjorden-arbeidstilsynet-stoggar-arbeid-etter-varsel-om-asbest-1.15958872>

<https://www.firda.no/natur-og-ungdom-har-starta-lenkeaksjon-pa-engebo/s/5-15-1388559>

<https://www.firda.no/laurdag-held-dei-stottemarkering-for-fordefjorden-i-oslo/s/5-15-1390967>

<https://www.firda.no/vi-sto-der-midt-i-stovskya-men-hadde-ikkje-i-var-villaste-fantasi-trudd-at-det-var-asbest/s/5-15-1394121>

<https://www.firda.no/naturvernforbundet-vil-ta-gruveprosjekt-til-retten/s/5-15-1395344>

<https://www.sognavis.no/tonje-fra-leikanger-moter-i-retten-etter-a-ha-aksjonert-for-fordefjorden/s/5-115-871179>

<https://www.sognavis.no/dette-krigssymbolet-motte-anleggsarbeidarar-i-vevring/s/5-115-804529>

Klesbyttedag:

<https://www.firda.no/dette-hadde-ikkje-arrangoren-forventa-om-vi-arrangerer-dette-igjen-ma-vi-finne-ein-storre-plass/s/5-15-1377190>

<https://www.sognavis.no/nokon-handla-svart-nokon-handla-gront-fort-gjort-a-kjopa-noko-berre-fordi-det-er-billig/s/5-115-904902>

<https://www.sognavis.no/kjare-handelsstand-i-sogn-dropp-black-friday/o/5-115-902478>

<https://www.sognavis.no/har-du-klede-du-ikkje-brukar-eller-som-treng-reparerast-desse-damene-veit-rad/s/5-115-774150>

Rydding:

<https://www.firda.no/rekordmange-elevar-rydda-i-forde-sentrum/s/5-15-1449796>

Annet:

<https://www.firdaposten.no/marte-vil-ha-debatt-om-den-vanskelege-plasten-vi-ma-kome-saman-og-snakke/s/5-16-576041>

<https://www.firdaposten.no/kystdagen-fyller-30-ar-sondag-er-den-her-igjen/s/5-16-628779>

<https://www.firda.no/klatraren-som-blei-miljoaktivist-i-sunnfjord/s/5-15-1351009>

<https://www.sognavis.no/klassekamp-er-g-klimakamp/o/5-115-909178>

<https://www.sognavis.no/gondolplanar-i-populart-klatreomrade-magien-ved-a-klatra-her-vil-bli-borte-for-alltid/s/5-115-900129>

<https://www.sognavis.no/store-forekomstar-i-indre-strok-bor-ikkje-vera-fritt-fram/s/5-115-899452>

<https://www.sognavis.no/raudlista-fugl-strevar-med-a-finna-hekkeplass-i-sogndal-dei-prover-til-og-med-a-hakka-hol-i-betongen/s/5-115-804997>

<https://www.sognavis.no/raudt-ardal-seier-nei-til-vindkraft/o/5-115-878862>

<https://www.sognavis.no/naturvernforbundet-startar-opp-att-lokallag-i-indre-sogn-me-har-absolutt-eit-mal-om-a-vera-synlege/s/5-115-800925>

<https://www.sognavis.no/naf-vil-bruke-mindre-pengar-pa-motorveg-meir-pa-vedlikehald/s/5-115-777110>